



Kyrkjekoret Nordsaang samla på Fridomsplassen i Budapest.

Det har vore to travle veker for kantor Eva Megyesi. Ho har hatt ansvaret for to kor frå Kvinnherad med konsertar i Budapest i Ungarn og i Arad i Romania. Fyrst ute var Rosendal Songlag, så kom Nordsaang med kort og lang tur. Eva Megyesi var turleiar, lokalkjend guide og musikalsk leiar. Heimbyen hennar, Arad, ligg i dag i Romania, etter mange grensejusteringar både etter 1. og 2. verdskrigen. Morsmålet hennar er ungarsk.

Etter ankomst Budapest og guida tur i den vakre byen, gjekk turen med tog til Arad i Romania. Kyrkjekoret Nordsaang var med på gudsteneste søndag 1. juli i Sentrum Calvinist kyrkja. I denne kyrkja har Eva Megyesi vore organist sidan ho var 19 år gamal. Kyrkjelyden var glad for å sjå henne og ho vart synt ære ved å bed henne spela til salmane.



[Svein Rimestad i kjend positur med pipa på Helteplassen](#)

Presteparet Baracsi Levente og David Zeuzanna fortalde om kyrkjekoret frå Noreg og det vart til slutt i gudstenesta sagt fram helsing frå kyrkjelyden i Arad til Eva og hennar kor i Kvinnherad. I helsinga frå Nordsaang kom ein inn på det store arbeidet Eva Megyesi legg ned med kor og kyrkjemusikk i Noreg.



[Eva Megyesi tilbake i Calvinistkyrkja i Arad, der ho var organist frå ho var 19 år gamal.](#)

Etter gudstenesta vart alle invitert med på kyrkjemiddag. Den lokale kyrkjelyden med presteparet var vertsskap. Opphaldet i Arad vart litt endra ettersom ein av deltakarane vert kraftig biten av ein hund på gata. Dermed vart det antirabies behandling og operasjon på sjukehus og klinikk. Eva Megyesi var translatør og veterinær Svein Rimestad var god å ty til med sine kunnskarar om hund og fare for smitte ved bit.



[Det vart sagt fram helsingar til kyrkjelyden i Arad og til kyrkjekoret Nordsaang i Kvinnherad.](#)

Etter ei langhelg var opphaldet over for dei som valde kort tur. Resten av gruppa la inn ei veke til med bading i Balatonsjøen og djupdykk i kyrkjearkitektur, nasjonale bygg, kloster, bad, og andre kulturminne og attraksjonar i Budapest og i område rundt.

Kyrjekoret Nordsaang har med dette hatt sitt fyrste oppdrag utanlands,- ein vellukka tur sosialt, kulturelt og musikalsk.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Monica Valstad Aakre/Kristian Bringedal



Kyrkjemiddag saman med soknerådet og presteparet Baracsi Levente og David Zsuzanna.